

**Møteprotokoll**

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Sentrumsbygget, Møterommet
Dato:	13.11.2025
Tid:	09:00 – 12:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kristoffer Oppheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Torunn Hovland Ljono	Medlem	SV
Hans Åge Ohnstad-Johansen	Medlem	H

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	MEDL	V

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Tommy Aarethun, forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Thore Hopperstad, kommunedirektør (Til PS 20, 21 og 22/25)
Torstein Kvåle Hellesnes, kommunalsjef helse og velferd (Til PS 20, 21 og 22/25)

Anders Kristoffer Oppheim
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.09.2025	2024/8	
	Politiske saker		
PS 20/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 21/25	Orientering frå kommunedirektør, gebyrsatsar knytt til betalingsattsar for korttidsopphald.	2023/503	
PS 22/25	Orientering frå kommunedirektør. erfaring og vegen vidare knytt til nytt Omsorgstun i Ulvik herad.	2023/503	
PS 23/25	Oppfølging av forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar	2022/337	
PS 24/25	Milepælsorientering forvaltningsrevisjon i Ulvik herad	2025/5	
PS 25/25	Møteplan for kontrollutvalet 2026	2024/27	
	Referat saker		
RS 10/25	Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland	2023/503	
RS 11/25	Anbefalinger for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene i forbindelse med virksomhetsbesøk	2023/503	
	Politiske saker		
PS 26/25	Eventuelt	2023/503	

GK 7/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 8/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.09.2025

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 24.09.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ein merknad til protokoll frå møte 24.09.2025

- Sak 13/25 Utvalet ønskjer at dette punktet vert teke med i protokollen:

"Arbeidsmiljøet på skulen er prega av låg tillit til leiinga og låg psykologisk tryggleik. Mange tilsette opplever at det ikkje nyttar å varsle fordi leiinga anten bagataliserer varselet ved at det som vert varsla om ikkje vert teke på alvor eller oppmodar tilsette om å ikkje melde avvik, med grunngjeving i at det vert meldt på feil måte."

Teksten er henta frå presentasjonen "Status arbeidsmiljø Brakanes skule 2025"

Vedtak:

Protokoll frå møte 24.09.2025 med merknad vart godkjent.

PS 20/25 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad orienterte utvalet.

- Ulvik herad har fått eige beredskapsnummer: 476 24 425
- Budsjet og økonomiplan - innføring av eigedomsskatt i 2027

Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering

PS 21/25 Orientering frå kommunedirektør, gebyrsatsar knytt til betalingssatsar for korttidsopphald.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad og Kommunalsjef helse og velferd Torstein Kvåle Hellesnes orienterte.

Gebyrsatsar i Ulvik herad knytt til betalingssatsar for korttidsopphald. Ulvik herad føl Forskrift om egenandel for helse og omsorgstenester § 4

Kontrollutvalet tok saka til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 22/25 Orientering frå kommunedirektør. erfaring og vegen vidare knytt til nytt Omsorgstun i Ulvik herad.**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Kommunedirektør Thore Hopperstad og Kommunalsjef helse og velferd Torstein Kvåle Hellesnes orienterte og svara på spørsmål.

Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 23/25 Oppfølging av forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Kommunedirektør Thore Hopperstad og kommunalsjef helse og velferd, Torstein Kvåle Hellesnes
gjekk gjennom oppdatert handlingsplan.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 24/25 Milepælsorientering forvaltningsrevisjon i Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet godkjenner oppdatert prosjektplan med dei endringane som framkjem i saka.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vestlandsrevisjon IKS ved Tommy Aarethun orienterte.

- Godt samarbeid med administrasjonen.
- Milepælar nådd pr. 13.11.25
- Intervju med kommunedirektør og stabssjef gjennomført.
- Gjennomførast spørjeundersøking med leiarar med personalansvar - frist 05.12

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet godkjenner oppdatert prosjektplan med dei endringane som framkjem i saka.

PS 25/25 Møteplan for kontrollutvalet 2026

Forslag til vedtak

Dato	Merknad
11. og 12. februar	Folkevaldopplæring Solstrand
26. februar	
28. mai	Årsrekneskap Ulvik herad
10. september	Revisjonsplan og budsjett
26. november	

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet melder seg samla på folkevaldopplæringa på Solstrand 11. og 12. februar 2026

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Møteplan for kontrollutvalet i Ulvik herad vert slik i 2026:

11. og 12. februar Folkevaldopplæring Solstrand

26. februar

28. mai

10. september

26. november

RS 10/25 Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 11/25 Anbefalinger for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene i forbindelse med virksomhetsbesøk

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 26/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 13.11.2025 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalseiar Anders orienterte om tema som vart tekne opp på kontrollutvalseiarskulen til FKT.

Det vart meldt ei sak til eventuelt.

Heradsstyret vedtok personalpolitiske retningsliner i juni 2025. Som oppfølging av dette vil kontrollutvalet invitere kommunedirektør til neste møte for å orientere om desse med fokus på varsling. Kva skjer i praksis om det vert varsla etter arbeidsmiljøloven i Ulvik herad? Kontrollutvalet ønskjer og ei orientering om korleis dei personalpolitiske retningslinene vert gjort kjend i organisasjonen.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet inviterer kommunedirektør til neste møte for å orientere om dei personalpolitiske retningslinene med fokus på varsling. Kva skjer i praksis om det vert varsla etter arbeidsmiljøloven i Ulvik herad? Kontrollutvalet ønskjer og ei orientering om korleis dei personalpolitiske retningslinene vert gjort kjend i organisasjonen.

Vedtak:

Kontrollutvalet inviterer kommunedirektør til neste møte for å orientere om dei personalpolitiske retningslinene med fokus på varsling. Kva skjer i praksis om det vert varsla etter arbeidsmiljøloven

i Ulvik herad? Kontrollutvalet ønskjer og ei orientering om korleis dei personalpolitiske retningslinene vert gjort kjend i organisasjonen.